

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik

Nr. 3 2020



Oktober 2020

Årgang 62

Gud signe vårt folk der dei
sigler og ror og blåmyri
pløyer i sud og i nord. Di
hand må dei vara som ute
skal fara! Dei strevar og
balar på skip og i båt, Gud
vere i storm og i stilla attåt.

Bernt Støylen



«Brubbyggjanen» ynskjen
alle ein god haust! 
Ta vare på kvarandre!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

ULVIK KYRKJEKONTOR:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjevevjerje:

Willemina van Manen

Tlf. 56 52 68 00 / 913 42 917

kyrkjevevjerje@ulvik.kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk ebryk@interia.pl

Tlf.: 967 42 927

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik

Tlf. 452 28 287 / tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar: Jan Arvid Gjon, tlf. 954 69 903

Soknerådsleiar: Knut Nes, tlf. 976 68 025

EIDFJORD KYRKJEKONTOR:

Postboks 23, 5786 Eidfjord.

Telefon: 53 66 52 51

Kyrkjevevjerje:

Irene Vivel, irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, rufsenis@gmail.com

Kyrkjetenar:

Christian Bouvain, christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Sekretær:

Tone F. Nesheim, tone@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland

SOKNEPRESTAR:

Eidfjord:

Johannes Pettersen, 53 66 52 51 / 913 40 828

Ulvik:

Magnar Haaland, mobil: 415 46 366

Bengt Staffan Andersson

Eller kontakt:

Voss kyrkjekontor – prost

Telefon: 56 52 38 80

REDAKSJON FOR KYRKJEBLADET:

Kyrkjevevjerje Irene Vivel, Wilma Bergman og Kjersti Næsheim. Kyrkjevevjerje Willemina van Manen, soknerådsleiar Knut Nes og soknerådsmedlem Stein-Arnold Hevrøy.

Redaktør:

Steinar I. Berge, tlf. 908 41 077

steinar.berge@ulvik.org

KONTONUMMER: 3530 31 60378

VIPPS: 593359

Bladpengar kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og gaver til Kyrkjebladet.

Takk til alle gode støttespelarar i Eidfjord og Ulvik!

UTSET ALDRI TIL I MORGON, DET DU KAN UTSETJE TIL I OVERMORGON

Av og til så er livet nokså travelt, og ein kan seie som Peer Gynt om alt ein burde ha gjort: «Ja, tenke det; ønske det; ville det med; – men gjøre det! Nei, det skjønner jeg ikke!»

Ein annan måte å seie dette på er det vi alle vel har sagt: «Eg skal berre...» Vi utset og utset. I alle fall er eg litt for flink til det.



Her ein dag fekk eg ei mild påminning frå redaktøren av kyrkjebladet om at no var det snart deadline for å skrive til kyrkjebladet. Men eg måtte berre gjere noko anna fyrst. Slik går no dagane, og no eg har kniven på strupen, set eg i gong, då vart det litt nattarbeid på meg.

Det vert då utgangspunktet for tankane mine denne kvelden. Liva våre er fulle av: «Eg skal berre...» I alle fall så er mitt liv det. Det er så mykje som i augneblinken er viktig. Av og til gjer det at det viktigaste vert skjøve til sides.

Ein bibeltekst som eg har fortald om før og kjem til å fortelje om fleire gonger, er om då Jesus var på vitjing hjå Marta og Maria. Det er ein tekst som tyder mykje for meg, fordi den minner meg om kva det er som er det viktigaste i livet. Marta kavar rundt med ALT ho skal lage til, medan Maria set seg ned ved Herrens føter. Vi finn denne teksten hos Lukas 10, 38 – 42. Då Marta bed systera ta del i arbeidet med å stelle til for Jesus, seier han til henne: "Marta, Marta! Du gjer deg strev og uro med mange ting. Men det er eitt som er nødvendig. Maria har valt den gode delen, og den skal ikkje takast frå henne."

Kva er så den gode delen? Jesus gjev oss svaret i Matt. 6,33 «Søk først Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre i tillegg». Vansken for oss er å skilje det som eg kallar støy i livet, det som eg trur er vesentleg, frå det som eg verkeleg må høyre etter. Klarer ein då å skilje mellom desse to tinga og søke guds rike, så er det meir sannsynleg at ein ikkje kastar bort energi på unødige ting. Så vel den gode delen og så skal vi få resten i tillegg!

Magnar prest

FRÅ BILSELJAR TIL PREST



Det er kanskje nytt for mange i Ulvik også at dagleg leiar/bilseljar Bengt Arvidsson no har slutta som bilseljar og gått over til å vera prestevikar på heiltid.

I Ulvik har me hatt gleda av kjennskapet og arbeidet til Bengt Staffan Arvidsson ei tid. Me fekk det gjennom samarbeidet hans med Magnar Haaland. Medan Magnar, som folket i Eidfjord og kjenner, har

vore sjukemeld, så har Bengt Staffan vore meir i Ulvik enn før. Det er kanskje nytt for mange i Ulvik også at bilseljaren, Bengt Staffan, no har slutta som bilseljar og gått over til å vera prest på heiltid i Ulvik, Granvin og Voss. Han skal nytta menneskekunnskapen han har skaffa seg gjennom fleire yrkeserfaringar, og no seinast som seljar av eit bilmerke kyrkjebladet, dessverre, ikkje kan reklamera for!

I eit ferskt intervju med Brubbyggjaren fortel han om oppvekst i ein presteheim i Sverige. Gjennom arbeid har han fått møta menneske i ulike situasjonar. «Alle desse erfaringane gjev meg trygghet i dei utfordringane det nye «kallet mitt» gjev meg», legg han til.

Kva kan du dra nytte av som bilseljar når du no skal vera prest? spør me. «Som bilseljar må du kunna lytta», byrjar han. «Du må sjå kundane sine behov. Alle kundane er ulike og unike», held han fram. Me anar alt her at bilseljaren snakkar som ein prest. Han fortel vidare om kor viktig det er å finna tonen, men vedgår at ein bilseljar skal selja bilar!

Han held fram med samanlikninga om at i begge situasjonane er tonen, tryggleik og tillit viktige, men i kyrkja skal han «selja inn sakramenta»!

Bengt Staffan opplevde kyrkjestenginga under den verste koronakrisa som trist. For mange er gudstenesta på søndag eit høgdepunkt, og mangelen på denne har fått mange til å kjenna på einsemd.

Når det gjeld gravferder på maksimum 20. personar, ser han det litt tosidig. For somme har det vore godt å vera ein liten flokk, medan andre har kjent på tapet av å ikkje få vera med å ta farvel.

Den nye presten opplever det som uproblematisk å arbeida i to herad, og på det obligatoriske spørsmålet om korleis han trivest i kyrkjelyden i Ulvik, svarer han: «Eg er imponert og takksam over måten eg er blitt møtt på i Ulvik, både i private heimar og i kyrkja. Eg oppfattar ulvikingane som gjestfrie, audmjuke og fordomsfrie. Ulvikingane som eg har møtt, har og god «bakkekontakt» og kallar «ein spade for ein spade».

Eit slikt svar gler både Brubbyggjaren og ulvikfolket!

Avslutningshelsinga frå Bengt Staffan lyder slik:

«Takk til alle som har hjelpt meg fram så langt, og eg gler meg alt til neste gong eg får besøka Ulvik.

Guds velsigning, god seinsommar og haust ønskjer eg alle!»

Me i kyrkjebladet takkar for intervjuet og ynskjer parhestane Bengt Staffan og Magnar lukke til i arbeidet for oss i Ulvik.

Bengt Staffan Arvidsson

SUNDAGSSKULEN I ULVIK ER I GANG IGJEN

Det er ikkje berre arbeidsplassar og skular som har stengt ned i denne spesielle tida me har opplevd. Sundagsskulen måtte og ta ein pause. Men søndag 21. juni kunne ein opna litt varsamt for aktivitet for dei små borna i kyrkja i Ulvik. Jorunn var på plass, og foreldre og besteforeldre følgde sine. Alt føregjekk etter reglar for samkomer i koronatider. I våpenhuset var det registrering med mobilnummer og antibac på nevane.

Dei fleste sat på golvet medan Jorunn fortalde om Sakkeus. Dei tende lys, og alle såg ut til å ha ei fin stund i lag etter ei lengre åleinetid. Det var sagt at ein skulle vera ute, men sidan det vart regn, så kan det vel henda at somme var verfaste heime? Det er god interesse for sundagsskulen, og fleire mødrer/foreldre er med og hjelper til!

Så får me vona at folk passa på å fylgja tilrådingane frå styresmaktene, slik at aktiviteten kan halda fram, og virusen vert halden i sjakk.

Tekst og bilete Red.

Sundagsskule i Ulvik hausten 2020

Denne hausten vil det vera søndagsskule i Ulvik under gudstenestene, dei gongene det ikkje er familiegudsteneste. Etter den samlinga som var den **27. september**, blir det sundagsskule igjen den **1. november**. Borna møter i kyrkja. I desse koronatidene er det vanskeleg å planleggja langt fram. Me oppmodar difor barnefamiliar om å halda seg oppdaterte på facebookgruppa "sundagsskulen i Ulvik". Her vil me leggja ut fortløpande informasjon om det som skjer. Minner elles om at me alltid treng fleire frivillige til dette barnearbeidet. Vil du støtta søndagsskulearbeidet med praktisk hjelp, forbøn eller anna, må du gjerne ta kontakt med kyrkjekontoret eller med ein av sundagsskuleleiarane. Liv Marie og Linda. Velkomne!

Jorunn



Jorunn fortel om Sakkeus.



Ein av gutane har tent lys.



Borna lyttar konsentrert til forteljinga. Munnleg forteljing er kanskje blitt mangelvare i vår mediatid.



Ein song med rørsler er bra!

KVA SYNEST DU SOM LESAR, OM DET NYE KYRKJEBLADET?

Du held no det tredje bladet som Eidfjord og Ulvik sokneråd står for. Det tek alltid litt tid til å få nye ordningar til å fungera. Men me tykkjer sjølve at me er bra i gang no. Det er både hyggeleg og nyttig å vera fleire som deltek i arbeidet, både når det gjeld kyrkjelydar, kyrkjevevjer og soknerådsmedlemmer. Me vil gjerne ha tilbakemeldingar om kva du synest, kva som manglar og kva som er bra. Skriv gjerne eit innlegg til bladet eller send ei melding til kyrkjevevjer, redaksjonsmedlem i di sokn, eller til redaktøren direkte. Adressene finn du framme i bladet.

Status i det nr. 3 går i trykken, viser at 200 har betalt for bladet som vert lagt i postkassane. Brubbyggjaren vert lagt i 932 postkassar. I tillegg har me 64 personar som abonnerer på bladet og betalar 300 kroner. (Når eg slår det på kalkulatoren, svarer han at 21,45% har betalt for bladet.) Det er sjølvsgatt frivillig å betala, men samstundes ein peikepinn på om folk

er interesserte i bladet eller ikkje. Går det i papirdunken, slik at me må gå over til abonnement for dei interesserte, eller må me redusera talet på nummer i året? Me fører ein kontinuerleg kamp for å overleva, og difor legg me med ein blankett i nr. 3 også. Kanskje nokon har gløymt å betala og gjer det no! Skulle nokon ha gløymt at dei har betalt, og betaler igjen, takkar me for det! (Dårleg korttidsminne kan ha økonomiske føremonner for kyrkjebladet!) Gåver til kyrkjebladet er og kjærkomne! Me takkar både for innbetalingar og for tilbakemeldingar om bladet. Det er meininga at bladet skal vera eit blad om livet, om det å vera menneske. Bladet gjev opplysningar om kva som skjer i soknet ditt og i soknet i andre enden av brua. Frå ulike ståstader kjem Brubbyggjaren med tankar om det livet me lever på ulikt vis, og undrar oss over. Takk for at du støttar opp om livet til «Brubbyggjaren»!

Redaksjonen

NYTT BÅDE UTE OG INNE

Det har som vanleg vore fint arbeidsver i sommar. Somme dagar har vore fine til utearbeid, andre har eigna seg betre til innomhus syslar. Dette har me sjølvsgatt nytta oss av i Eidfjord kyrkje. Ute har parkeringsplassen fått seg ei skikkeleg oppfrisking. I fleire dagar låg halve soknerådet på kne og olbogar og luka og reinska gjengrodd blombed. No på ettersommaren har det vorte planta fint der ute. Marte, Hans og Wilma har vore primus motorar for dette arbeidet, og har stått med baken høgast time etter time.

Inne i kyrkja skal me i desse dagar få nye hardt tiltrengde benkeputer. Dei gamle er mildt sagt mogne for utskifting. Benkane er vortne pussa ned. Dette arbeidet er tidkrevjande, men me har hatt uvurderleg hjelp av Sindre B Hellevang som vikarierte som kyrkjegardsarbeidar i sommar. Var det tid til overs, kasta han seg over slipemaskina og dura i veg. Dei benkane Sindre ikkje rakk pussa, tok Christian seg av etter ferien sin. Nå står dei og skin i kyrkja. Snart kjem altså nye benkeputer på plass. Det vert høgtidleg innviing på hausttakkefesten.



SOKNA VÅRE I EI KORONATID

Brubbyggjaren har spurt nokre i dei to sokna våre om tida me har vore inne i og framleis er inne i, sjølv om det er letta litt på krava til å møtast. Med utgangspunkt i spørsmåla under, har me bede om svar i den forma dei spurde, vil nytta. Me har fått inn svar som du kan lesa under:

1. *Korleis har arbeidet ditt/livet ditt vore i den siste tida?*
2. *Kva tankar gjer du deg om livet me lever, om verdiar og medmenneske lokalt og i verda elles?*
3. *Er målet å koma tilbake til alt slik det var i byrjinga av året, eller trur du at det kjem endringar? Kva vert annleis i så fall?*
4. *Har du eit personleg ynskje, ein appell, som gjeld tida etter korona?*



Leiarene i Eidfjord svarar:

Sommaren er på skikkeleg hell, og hausten med sine fine fargar og kveldar, der ein kryp innomhus igjen, er like om hjørnet. Det siste halvåret har vore prega av pandemien Covid 19 eller Korona som me helst seier. Det har gjort at me alle saman har stoppa litt opp, og gjerne vore nøydde til både å tenkja og handla annleis enn me vanlegvis gjer. Samfunnet stengde ned den 13. mars i år, og handhygiene og avstand blei det som vart viktigaste for oss alle saman. Eg trur at me alle har lært mykje denne perioden, og noko som er gode vanar å ta med vidare i livet. Me vaskar hender og held avstand for at me ikkje skal bli smitta, og like viktig, om er me smitteberarar vil me unngå å smitta andre. Mange av oss har nok og erfart kor verdifullt gode venner er for oss, og laga trygge og gode møteplassar enten ved fysiske måtar eller virtuelt.

Sjølv om pandemien herjar, og omtrent alle planlagde aktivitetar vart avlyste, har me likevel hatt ei aktiv kyrkje i Eidfjord. Eg kan blant anna nemna at på kyrkjegarden er det laga til ein fin plass for ro og ettertanke, og det er og laga til ei artig vandring rundt på kyrkjeområdet. I vår var det grillkveld i kyrkjehagen for ungdommane i bygda. No går gudstenester nærast som normalt. Det unormale er at alle som kjem til kyrkje både i gudstenester og gravferder, blir skrivne opp med namn og telefonnummer med tanke på smittesporing. Dette blir straks lagra i safe og makulert etter 10 dagar. I haust skulle me og hatt gullkonfirmantsamling. Denne har me valt å utsetja til over nyttår. Elles har soknerådet gjort vedtak om at dei gamle utslitne putene i kyrkjebenkane skal skiftast ut. Me håpar at dette arbeidet vert ferdig no i haust. Når dette arbeidet er ferdig, er planen at me kan tromme i saman til dugnad, slik at kyrkja skin både ute og inne.

Eg ynskjer alle ein fin haust der me alle unngår koronasmitte.



Frå soknerådsleiarane i Ulvik har me fått fylgjande tankar:

1. Etter at landet fekk ei nokså dramatisk melding den 12. mars har me levd eit rolegare liv. For meg som pensjonist, har det vore mindre samkven med familie og kjende. I mange veker hadde me ikkje direkte kontakt med born og barneborn. Det har vore eit sakn. Dette er truleg situasjonen for svært mange. Me er usikre på kor lenge det varer og kva dette har lært oss. På den andre sida har me og opplevd nye ting. Eg har nytta mykje tid til lesing. Truleg har eg lese bøker som eg elles ikkje hadde lese.

2. Korona - pandemien har vore ein vekkar for mange. Det er ikkje sjølvstøtt at me alltid kan gjera nett som me vil. Det er ikkje utan risiko å reisa verda rundt utan å stå i fare for ulukker og smitte. Dette har fått mange til å reflektera over ulike sider av tilværet. Eg trur og at mange har fått eit litt anna syn på matsituasjonen i landet og verda. Kan ein liknande situasjon skje med omsyn til matproduksjonen? No såg me at folk hamstra toalettpapir og kveitemjøl. Kva med å stø opp kring norskprodusert mat? Eg trur mange tenkjer at mattryggleik er viktig.

3. Når pandemien er over, vil truleg livet gradvis koma attende til det «normale». Men eg trur det vil ta fleire år før folk flest kjenner seg frie til å leva slik det har vore vanleg dei siste åra. Mange vil truleg redusera turistreiser i lang tid, særleg pensjonistar og godt vaksne folk.

Knut Nes – Leiar i Ulvik sokneråd

Kari Tveit Hovland - Leiar i Eidfjord sokneråd

KYRKJEVERJA I EIDFJORD

Brubyggjaren har litt etter litt presentert dei nye medarbeidarane i bladet, slik at folk på begge sider av brua skal verta betre kjende med kvarandre. Det har sete litt langt inne å få intervjuua Irene, men no har Wilma Bergman i Eidfjord laga ein presentasjon av Irene Vivelid. Wilma er frå Nederland, slik som Ulvik kyrkjekontor si Wilma. Sjølv om Brubyggjaren er eit nynorsk skrift som brukar a-infinitiv, så gjer me unntak for dei som har -e i dialekten og for nokre få som skriv bokmål. Her kjem presentasjonen av kyrkjeverja i Eidfjord:

I 1995 kom en strålende dame fra Osterøy på besøk i Eidfjord. Hun koste seg på jentetur da hun plutselig fikk øye på Ove, en flott kar fra Eidfjord, og gnisten slo over fra begge sider. Ikke lenge etter flyttet hun til Eidfjord!

Hun begynte å jobbe i posten og ble fort kjent i den lille bygden vår. Og bygda ble fort kjent med Irene, fordi hun er, som oftest, blid og i godt humør, klar til å stille opp der det trengs. Og i kirken trengte de henne virkelig. I 1998 ble en stilling lyst ut for registrering og kartlegging av graver og hun fikk jobben. Graver måtte måles opp, legges inn i system, kart ble laget... Dette syntes hun var veldig kjekt! Seinere ble hun i kirken, og når jeg spør hvordan dagen hennes ser ut, forteller hun at den er veldig variert.

Hun pleier å stå opp litt tidlig så hun kan ta det med ro og nyte morgenen med en god kopp kaffi. Når hun begynner på jobb, venter det oppgaver angående bygg og anlegg, personal, økonomi, og sekretariatet til Soknerådet. Denne diversiteten gjør jobben hennes så kjekk! "Det kjekkeste er at vi i kirken er et så godt lag" sier hun. "At vi jobber om hverandre!". Så får hun også være med i barne- og ungdomsarbeid og annet samarbeid.

Gjennom alle år hun har jobbet i kirken, har barne- og ungdomsarbeid blitt prioritert. Men nå vil Eidfjordkirken også rette seg mer mot de voksne og ha fokus på en lav terskel, slik at alle kan være med og føle seg velkommen i kirken.

På fritiden liker hun å være ute og aktiv. Hun er veldig engasjert i triathlon, både som deltaker og i organiseringen. Hun har fullført Norseman's crewløp sju ganger og gjør stor dugnad for arrangementet hvert år! Også i Swissman viste hennes styrke seg. Ellers elsker hun å springe i fjellet og å være på hytta på Vivelid. Ove liker det også, så det har de til felles. Og så liker de å ture med bobilen og nyte friheten. De tar syklene med på spontane utflukter og opplever andre plasser. Når Irene blir pensjonist en gang, da ønsker hun seg hester igjen. Som liten jente elsket hun å stelle og ri, men da hun begynte på videregående, hadde hun ikke tid til det lenger.

Hun var også veldig glad i byggeprosjekter og brukte flere år med snikring på en spektakulær trehytte sammen med broren sin. Og jeg tror at før eller seinere kommer trehytten tilbake igjen, så kanskje dukker den opp i kirkens hage en gang?

Irene er et vakkert menneske: Hun er blid, positivt og varm. Hun er engasjert, har mange talenter og stiller alltid opp. Eidfjord kirke trengte henne da og trenger henne kanskje enda mer nå. **Takk for at du er du, Irene!**

Wilma Bergman - redaksjonen i Eidfjord




Irene Vivelid

PESTEN I ATHEN

Epidemiar og pestar har fylgt menneskeslekta opp gjennom heile historia. Nokon av pestane er mykje omtala og vel kjende, men langt dei fleste er nok gløymde, og finst berre i kjeldemateriale. I tider som dette, då det er så mykje snakk om smitte, smittevern, smittesporing, karantene og risikogrupper, kan det vera ein tanke å lesa vår eigen situasjon inn i ein historisk samanheng, og studera korleis forholda kunne bli i eit samfunn som vart råka av smittsame sjukdomar i eldre tider. - Pesten i Athen som braut ut i 430 f.Kr., er detaljert skildra av ein samtidig historikar, Thukydide (ca.460-400 f.Kr.) i verket «Peleponnes-krigen». Pesten starta truleg i Etiopia, breidde seg gjennom Egypt og Libya og kom så til den greske verda. Athen var i krig. Fienden, Sparta og deira allierte, Det peleponnesiske forbundet, var for det meste landbaserte bystatar og kunne mobilisera hærstyrkar som var bortimot uslåelege. Athen var herrar på havet og kunne få det byen trong gjennom hamna i Pireus. Difor trekte athenarane seg tilbake bak bymurane. Då pesten råka, blei denne strategien ein katastrofe for innbyggjarane i den overbefolka byen.

Thukydide fortel: *En forverring av eksisterende katastrofe var tilstrømmingen fra landet til byen, og dette ble spesielt (for) de nyankomne. Da det var ingen hus å motta dem, måtte de fremsettes på den varme årstid i kvelende hytter hvor dødeligheten raste. Dei heilage stadene, tempela, var fylte opp av døde og døande. Det er rekna ut at ein tredjedel av innbyggjarane miste livet i dette utbrotet eller dei to andre då pesten kom tilbake. Mellom dei var den store statsmannen og generalen Perikles. Thukydide blei også sjuk, men overlevde. Han skildrar sjukomen i dei ulike fasane: folk i god helse var plutselig angrepet av voldelige varme i hodet, og rødhete og betennelse i øynene, de indre delene, for eksempel hals eller tunge blir blodige og (dei sjuke fekk) en unaturlig og illeluktende pust. Disse symptomene ble fulgt av nysing og heshet, hvorefter smerte snart nådde brystet, og dannet en hård hoste (...) utslipp av galle av alle slag navngitt av leger fulgte, ledsaget av svært stor nød. I de fleste tilfeller også en ineffektiv brekning (vart fylgd av) voldsomme spasmer, som i noen tilfeller opphørte kort tid etter, andre ganger mye senere. (Jamvel om den sjuke ikkje kjendest så varm), heller blek i sitt utseende, (så) innvendig brant det slik at pasienten ikke orket å ha på seg klede selv av de aller letteste beskrivelse; eller faktisk være noe annet enn splitter naken. Hva de ville ha likt best ville vært å kaste seg i kaldt vann; hva som faktisk ble gjort av noen av de forsmøtte syke, som stupte inn i regntanker i sin uslukkkelige tørste etter vann, men det gjorde ingen forskjell om de drakk mye eller lite. I tillegg til dette, den elendige følelsen å ikke være i stand til å hvile eller sove». Nokon miste også hukommelsen og var ikkje i stand til å kjenna att korkje «seg selv eller sine venner». Dei sjuke døydde gjerne etter sju eller åtte dagar. Symtoma har fått seinara vitskapsmenn til å spørja seg om det kunne vera tyfusfeber, men det er usikkert.*



Sedene blei også råka. Sidan det var så små utsikter til eit langt liv, blei det også mindre høve til å opparbeida seg eit ærerikt ettermæle. Folk miste respekt for lovene. »Ingen forventet å leve for å bli stilt for retten for sine lovbrudd». Var ein rik, så måtte ein berre bruka opp rikdomen snarast råd. Dei som stelte sjuke, var spesielt utsette. Mange døydde aleine. Det var umogeleg å gravleggja dei døde på ein verdig måte. Alle gravferdsrituale som hadde vore i bruk tidlagare, var «helt opphørt». Ein måtte berre kvitta seg med dei døde på den måten som var råd, kanskje i ei massegrav utanfor Kerameikos, gravstaden, eller kasta dei på eitt av dei allereie brennande båla. Soldatane frå Sparta rømde då dei såg røyken frå alle likbåla. Pesten måtte ha ei årsak. Nokon meinte at brunnane var blitt forgifta av fienden. Elles var forklaringa at gudane kunne vera krenka, men det avviste Thukydide. Han hadde lagt merke til at folk som hadde stor ærefrykt for gudane, var like sårbare for pesten som andre. Det verka som om det kunne vera «akkurat det samme om de tilbad dem eller ikke».

Omlag 480 år seinare gjekk Paulus ikring på Agora, torget i Athen. Der tala han kvar dag «med dei han råka», mellom dei nokre epikureiske og stoiske filosofar. Dei undra seg: *Kva kan han vel meina, denne pratmakaren?* Så tok dei han med seg opp på Areopagos, ei høgde ovanfor, for å få vita meir om dei «underlege ting du let oss få høyra» Då steig

Paulus fram og tala til athenarane: *Athenske menn! Eg ser at de på alle måtar er svært religiøse. For då eg gjekk ikring og såg på heilagdomane dykkar, fann eg eit altar der det stod skrive: »For ein ukjend Gud». Det er det eg forkynner dykk. Gud som har skapt verda og alt som i henne er, han som er herre over himmel og jord, han bur ikkje i tempel som er bygde med hender, og let seg ikkje tena av menneskehender, som om han skulle trenga noko, han som gjev liv og ande og alle ting. Han let alle folkeslag som er ætta frå eit menneske, busetja seg over heile jorda, og han sette faste tider for dei og grenser mellom bustadene deira. Det gjorde han for at dei skulle leita etter Gud, om det kunne lukkast dei å kjenna seg fram og finna han, endå om han ikkje er langt borte frå nokon av oss. For i han er det vi lever og rører oss og er til som og nokre av dykkar eigne diktarar har sagt: «For vi er hans ætt.» Er vi då Guds ætt, så må vi ikkje tru at guddomen liknar eit bilete av gull eller sølv eller stein, som menneskekunst eller mennesketanke har forma. Til denne tid har Gud hatt tol med vankunna, men no byd han at alle menneske, kvar dei så er,*

skal venda om. For han har sett ein dag då han vil døma verda med rettferd, og til det har han etla ein mann. Det har han prova for alle med å reisa han opp frå dei døde.

I den greske gudeverda var det alltid plass til ein ekstra gud. Det var ikkje noko problem. Men at dei døde skulle stå opp, var uskjøneleg for dei greske filosofane. Nokon av dei gav likevel uttrykk for at dei ville høyra meir «ein annan gong». Og så har ordet gått. Bodskapen har blitt forkynt, høyrdd og trudd. På det har menneske levd. Og døydd. Det vere seg av elde så vel som av sjukdom.

Kjelder:

- Thukydide: Peloponneserkrigen
- Apostelgjerningane

Olav Bergo

SUMMEN AV ALL ETIKK?

Til venstre på kyrkjegarden når du går inn frå sida mot det gamle Handelslaget finn du ein tilgrodd gravstein som ein med litt «lesevanskar» kan tyda namnet Ola O. Osa. Han vart gjort kjend av Olav H. Hauge og seinare av elevane ved Brakanes skule då dei under leiing av Arne Skjerven, laga filmen «Osamannen».



Det er ikkje så ukjent at ein hjelper igjen den som ein har fått hjelp av. Det er ei slags naturlov i politikk, forretningsliv og i kvardagslege gjeremål. Når folk hjelper kvarandre gjensidig, er den ein like god som den andre. Men å hjelpa nokon annan, gjerne ein heilt framand, for det at ein sjølv har fått hjelp, er ei større handling! Slikt skaper ei betre verd! Me kan kanskje seia at «gjer ein annan mann ei beine» må vera summen av all etikk!

Er det noko symbolsk i at denne gravsteinen er så tilgrodd? Eg trur me treng å minnast Osamannen nokon kvar av oss!

GJER EIN ANNAN MANN EI BEINE

Han kom or fjellet, skulde heim,
fekk føring ifrå Osa
ut til Øyvindstø.
Og han var raust
og baud betal.

Men Osamannen
var ikkje fal.
Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.
Så gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen,
og skauv ifrå.

Olav H. Hauge

*Tekst og bilete av
gravsteinen: Red.
Bilete frå filmen:
Arne Skjerven*



Fargelegg!

Teikning: Kari Sortland

David laga mange songar som står i Bibelen.



Finn 5 feil

David var ein gjetargut som Gud valde til konge over Israel. Dei to bileta er nesten like. Finner du de fem feila på biletet under?

Teikning: Kari Sortland



Finn namn på 10 edelsteinar!

I rutenettet under har vi gøymt namna på 10 edelsteinar. Namna står bortover frå venstre mot høgre og nedover. Klarar du å finne alle saman?

I	S	K	R	Y	S	T	A	P
K	A	O	S	B	E	R	G	Y
O	F	P	Ø	R	U	B	I	N
D	I	A	M	A	N	T	U	T
R	R	L	U	R	E	R	I	E
O	K	S	M	A	R	A	G	D
M	J	A	T	T	O	P	A	S
P	A	G	A	T	M	U	R	L
E	D	I	A	M	R	A	V	I
T	E	P	P	E	R	L	E	P

Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 77 00



VITSAR

– Pappa, kvifor gifta du deg med mamma?
– Fordi mor di er ei helt spesiell kvinne.
– Korleis då?
– Ho var den einaste som ville ha meg.

– Eg klarer ikkje å sove når eg har drukke kaffi!
– Så rart! Med meg er det omvendt: Eg klarer ikkje å drikke kaffi når eg sov.

Salme 23

Før David blei konge over Israel, var han ein enkel hyrdegut. Han passa på sauene til far sin når dei var ute på fjellbeite. Ein dag valde Gud David ut. Han sa: David skal bli konge over Israel. Og slik blei det. Men det skal eg fortelja om ein annan gong. I dag skal det handla om at David var veldig glad i Gud og veldig glad i musikk. Han skreiv mange songar. Mange av songane til David står i Bibelen. Ein av dei heiter «Herren er min hyrding».



7

Eg veit at din godleik og kjærleik vil vera med meg så lenge eg lever. Og eg skal bu i Herrens hus for alltid.

6

**Du lagar fest for meg rett framfor auga på mine fiendar.
Du heller olje på hovudet mitt.
Mitt beger flyt over.**

4

Din hyrdekjepp og stav trøystar meg.

5

**Sjølvs om eg går gjennom den mørkaste dal, treng eg ikkje vera redd.
Du, Gud, er med meg.**

Han leier meg på rette stigar til ære for sitt namn.

3

**Han fører meg til vatn der eg kan kvila.
han gjev meg ny styrke.**

2

**Herren er min hyrde.
Han gjev meg alt eg treng.
Han lét meg liggja i enger med grønt gras.**

1

Du må lese salmen i denne retningen.

KONFIRMASJON I EIDFJORD

6. SEPTEMBER

Det vart ein lang sommar å vente, men endeleg var dagen her. Sundag 6. september vart denne flotte gjengen konfirmert i Eidfjord kyrkje.

Gratulerer! De er unike! Me takkar for eit fint konfirmantår, og ønskjer alle av dykk som har lyst, velkomne tilbake på leiarkurs i kyrkja dette skuleåret.



Frå venstre: Emil Engseth Fjæreide, Simen Engseth Fjæreide, Svein-Egil Johannessen, Asbjørn Herland, Andrea Voll Låte, Ina Elisabeth Soleim, Knut Henrik Vik, Oskar Fredheim Limstrand, Aksel Herstad Wathne og Anders Bergstrøm Hellevang.
Bak ungdommen, ikkje fullt så ung, men sjef for det heile, sokneprest Johannes Pettersen.


KONFIRMASJON I ULVIK

6. SEPTEMBER



Ein smilande prest Magnar Haaland med ein smilande flokk konfirmantar. Framme frå venstre: Ilona-Marie Batta Solheim, Madelene Grønningsæter Thorsen, Hanna Sofie Osa. Bak: Kari Tellnes Aarekol, Heming Lunestad Syse, Till Janssen.
Fotograf Hanne Solheim hanne.solheim@gmail.com tlf: +47 97 67 45 32

NYE KONFIRMANTAR OG NY ORGANIST I ULVIK KYRKJE



Sol og blå himmel skapte flotte rammer om gudstenesta søndag ettermiddag 30. august. «Gamlepresten» er tilbake att og han presenterte dei nye konfirmantane som

skal «lesa for presten» i vinter. I tillegg kunne han ynskja velkommen til ny organist. Ho heiter Edyta Bryk og kjem frå Polen. Magnar prest las opp tilsetjingsbrevet frå Biskopen og ynskte velkomen til kyrkja vår. Konfirmantane kom fram og fekk kvar sin Bibel med lærebok, og kyrkjelyden fekk sjå dei. Etterpå heldt presten preika frå midtgangen i kyrkja. Med sin nære og kommunikative veremåte, får han både unge og eldre til å lytta. Teksten handla om arbeidarane som fekk ulikt tal talentar som dei skulle forvalta. Den historiske delen om kor mykje ein talent var verd, overraska sjølv ein gammal redaktør, trass i at han kjende saga frå før. Vidare aktualiserte han forteljinga ved å peika på at alle har sitt talent som skal forvaltast. Til slutt inkluderte han seg sjølv og kyrkjelyden i det at me alle må bruka det talentet me har fått ansvaret for, til beste for kvarandre.

Red.



Magnar har overrekt tilsetjingsbrevet og takkar for at Edyta vil vera organist hjå oss. I staden for å koma med labben, gjer han det med corona-helsing!



Salmetonane frå Edyta Bryk lyder i kyrkja.



Tobias Halstensgård, Thea Bergo Nielsen, Lars Sander Børsheim Jordal, Ida Helen Stenseth Håheim, Victoria Opheim, Adrian Børsheim Rostrup, Elias Nordnes Vestrheim og Hannah Tveit.

EIN LITEN PRAT MED DEN NYE ORGANISTEN I ULVIK

Edyta Kinga Bryk ved orgelet, klar for å spela til oss.

Sidan Ulvik har fått ny organist, så er me sjølvsagt forvitne på kvar ho kjem frå og kva bakgrunn ho har innan musikkbransjen. Namnet fekk me på Kyrkjekontoret. Edyta Kinga Bryk høyrde me at ikkje er norsk. Ho fortel at ho er frå Polen og er 45 år. Ho bur no på Utne og har vore i Noreg i 10 år.

Edyta har ei solid og allsidig utdanning innan musikk. Ho er utdanna musikal med mastergrad i fiolin-pedagogikk frå F.Chopin Musikk Universitet i Warszawa og har mastergrad i fiolin praksis frå University of South Florida. Hennar praksis er allsidig med erfaring som orkestermusikal og pedagog. Ho begynte å arbeida som vikarorganist i 2016, og jobbar som fiolin- og pianopedagog i Kvam kulturskule. Edyta har vore fast medlem av Fossegrimen orkester sidan 2011.

Så no kjenner du den nye organisten vår. Ta turen i kyrkja og møt ei hyggeleg dame som fyller kyrkja med vakker musikk!

Red.



LYST TIL Å HA DET LITT MORO?

Då blir du glad når du les vidare! Eidfjord kyrkje kjem nå med eit sprettande nytt tilbod der målgruppa er både unge og eldre.

Tysdag 20. oktober inviterer me nemleg til dugnad i kyrkja. Dette blir sosialt, og du gjer ei god gjerning.

Kjenner du kallet? Di fleire som kjem, di meir får me gjort! Me startar gildet kl. 16.00. Då serverer me suppe, også kalt smørjing, til dugnadsfolket. Du kjem når du vil, suppa er varm fram til kl. 17.00. Då tek Alvoret til!

Alle har me vel eit godt skjult talent for vasking, boning, planting av blomelaukar osv., eller rett og slett talent for å halda arbeidsfolket med godt snakk, så her er alle velkomne!

Har du ei god historie, så har me høgtalar! Tar du med arbeidslyst og godt humør, så stiller me med mat og utstyr!

Dugnaden er slutt kl. 19.00. Det kjem meir informasjon etter kvart, men hald av ettermiddagen.

TRUSOPPLÆRING I EIDFJORD KYRKJE

– hausten 2020

Mykje er annleis i år, så òg trusopplæring hjå oss. Men me skal prøva å tilpassa oss og tilbyr noko til alle saman. Smittevern står høgt hjå oss. Me held oss til kohortar som skulen og barnehagen brukar. For alle tiltak gjeld det at ein kan berre delta når ein er frisk som ein fisk. For meir informasjon besøk vår heimesida www.eidfjordkyrkje.no

Småbarnskafé

Alle foreldre eller besteforeldre som er heime med barn mellom 0-2 år er hjarteleg velkommen til ei koseleg stund i Eidfjord kyrkje. Kvar onsdag møtest me til ein hyggeleg prat, litt mat og lek og musikk tilpassa til dei yngste. Sjå for dato og meir informasjon på heimesida vår eller facebook.

Dato: Onsdagar kl. 10.30 -12.30
i spisestova i kontordelen av Eidfjord kyrkje

Krøllesamling

Alle barn som fyller 2 år i 2020, er inviterte til Krøllesamling. Yndlingslammet Krølle til hyrdingen Rolf er forsvunne. 2-åringane er nok sikkert god til å leita, trur me.

Dato: torsdag 19.11.2020 kl. 16.15 – 17.30 i Eidfjord kyrkje

Minikyrkje

Ei hyggeleg stund for barnehagebarn. Leik og moro, og forteljinga om Noas ark står i fokus. I haust blir organiseringa litt annleis enn vanleg. Me held oss til samme gruppene som barnehagen. Kvar gong er ei ny gruppe invitert.

Datoar:

Torsdag 10.09.2020 kl. 16.15 – 17.30:
alle barn som går på Tyttebær-gruppe

Torsdag 01.10.2020 kl. 16.15 – 17.30:
alle barn som går på Molte-gruppe

Torsdag 22.10.2020 kl. 16.15 – 17.30:
alle barn som går på Blåbær-gruppe

Torsdag 05.11.2020 kl. 16.15 – 17.30:
alle barn som går på Eple-gruppe



Kristoffer, Nils, Solveig og Ola lager eit skip i stormen.

Bibeloppdagar-klubb

Alle som går i 1.-4. klasse, er inviterte til å vera med på ei spennande oppdagingsferd i bibelen. Samlingane skal gi barnet eit verktøy til å meistra kvardagen betre ved hjelp av ulike bibelvers. *På grunn av for få påmelde skal me ikkje gjennomføra tiltaket i år. Men det blir eit alternativt opplegg til desse aldersgruppene. Følg med i posten eller på facebook/ heimeside.*

Minikonfirmanter

Alle som går i 5. klasse, er inviterte til minikonfirmanter-klubb. Det er 3 samlingar om hausten og tre om våren. Vanlegvis vert minikonfirmantåret avslutta med ein stor leir om våren i lag med andre sokn. Dessverre veit me ikkje om det vert noko av til våren. Men det det blir i alle fall liten leir berre med dei kjekke borna frå Eidfjord eller stor i lag med heile Ullensvang.

Dato: tysdagar kl. 17.30 – 19.00,
22.09.2020 / 20.10.2020 / 17.11.2020

Narnia – kyrkjekino

6. og 7. klasse er inviterte til ei spennande reise til Narnia. Det blir ein eventyrleg dag som du slett ikkje vil gløyma på ei stund.

Dato: fredag 13.11.2020 kl. 09.30 – 14.00
(planleggingsdag på skulen)

Taco-kveld

8.-10. klasse blir inviterte til Taco-kveld ein gong i løpet av hausten. Datoen er ikkje heilt bestemd enno. Følg med i posten eller på Facebook.

Konfirmantundervisning

Konfirmantundervisninga er annan kvar veke, på tysdagar rett etter skuletid. Er du usikker på dato, kan du sjå på www.eidfjordkyrkje.no. Konfirmasjonen er planlagt 02.05.2021.

Leiarkurs

Alle som vart konfirmert i September i år, skal få invitasjon i posten til leiarkurs. Her skal ungdomane læra korleis dei kan vera gode leiarar for yngre barn, korleis ein planlegg og gjennomfører eit arrangement. Oppstart til leiarkurset vert etter haustferien.

Pusterom

Alle vaksne er inviterte til å ta ein pause i kvardagen. Ein gong i månaden står kyrkja open for ei stillestund. Nytt høvet til å ta deg tid til bøn og møte med Gud.

Dato: tysdagar kl. 15 – 16
22.09.2020 / 27.10.2020 / 24.11.2020 / 15.12.2020

Tekst og bilete: Manuela Bjotveit

ULVIKING KOM HEIM FOR Å GIFTA SEG I ULVIKKYRKJA

Altfor sjeldan både med kyrkjebryllup og hardangerbunad i Ulvik.

Anne fortel at dei bur og driv gard i Ringsaker. Ho er fødd og oppvaksen i Ulvik. Mannen, som heiter Espen, er fødd og vaksen opp i Ringsaker. «Det var i samband med bisetjinga til far me bestemte oss for at vi ville gifta oss i Ulvik kyrkje,» fortel Anne og held fram: «Eg fridde! Jenter har lov til det når det er skotår; og så måtte eg ha Hardanger-bunad». Vidare kan ho fortelja om vêret at det kunne ikkje vore berte. Sol og blå himmel kasta ekstra glans over 40. små og store gjester frå Ulvik, Voss og Ringsaker. Dei hadde snakka med Bengt Arvidsson fyrste gongen i høve bisetjinga av faren hennar i vår. «Bengt var makelaus god å snakka med og til å lytta», seier Anna. Dei hadde jamleg kontakt med han fram til bryllupet.

Forlovarar var Linn Sørensen frå Oslo og Lars Fredrik Christensen. Ho frå Oslo og han fra Ytre Arna, men busett i Ringsaker. Sjølve talen til Bengt hugsar dei ikkje så myke av, var nok litt oppkava og varme. Men dei sit att me ei god kjensle, og litt song og gode ord under maten høyrde med.

»Eg, Anne, er eldste dottera til Liv og Hans T Lindebrekke, så kyrkja i Ulvik vart eit naturleg val,» legg Anne til.

Namna utanom brudeparet: Borna Andreas, Marit og Hege. Odd Kristian var ikkje til stades.

Kyrkjebladet takkar for fine bilete, for ein hyggeleg prat - og ynskjer dei lukke til vidare!

Red.

Som dagane går...

Døypete

Døypete i Ulvik

Ingen

Døypete i Eidfjord

Ingen

Vigde

Vigde i Ulvik

Maria Soltvedt og Sindre Sognefest
Anne Lindebrekke og Espen Håkenstad

Vigde i Eidfjord

Ingen

Gravlagde

Gravlagde i Ulvik

Torgils Hallanger, fødd 1931
Maria Fjelde, fødd 1921
Sigmund Annar Dybedokken, fødd 1944
Thor Steinar Tveiten, fødd 1955

Gravlagde i Eidfjord

Kjetil Gausvik, fødd 1954
Sigurd Aurdal, fødd 1952
Per Kvammen, fødd 1936
Ottmar Arne Byggstøyl, fødd 1952
Harald Martin Medhus, fødd 1942



Anne Lindebrekke og Espen Håkenstad med forlovarar.



Er du SVOLTEN, TØRST eller TRØTT
Vi er på jobb nesten hver dag hele året.

Catering | Kafe & Kremmeri
A la carte | Lukka lag | Seng å sove i



Hos oss skal det være Sutalaust & Kjekt
www.eidfjordhotel.no · Tlf: 53 66 52 64

Dåpskjole til leige!

Pris: 300,-
Kontakt: Ulvik Bygdekvinne lag
v/ Åsa Gunnarsdottir, tlf.: 952 62 096



GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer
hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)
- lysingar, gravferdssongar,
- og andre praktiske ting med papir og seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnet tider
på tlf. 56 52 64 47
mob. 952 10554 / 952 13375
priv. 56 52 62 03

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik - Tlf. 56 52 65 00

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall
kan me levera
blomahelsingar til dei pårørende,

keransar
båredekorasjonar
bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne
i samarbeid med

EIKNER 
NATURSTEIN AS
(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47
Smith - Granvin - tlf. 952 10 554



MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



FJORDTIND HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no

Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // q.voringfoss@choice.no

joker
– helt i nærheten

BUTIKK1 AS
5730 Ulvik
Tlf. 56 52 65 47

Velkommen til en
hyggelig handel

Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

Døgnvakt telefon 56 51 11 94/905 50915

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK



TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533



Det finst mange små og store draumar på Vestlandet

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Gudstenesteliste

ULVIK (GRANVIN) Ulvik og Granvin har felles prest og organist.

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
18.10.2020	11.00		Ulvik kyrkje	20 sit
25.10.2020	11.00		Granvin kyrkje	BoB
01.11.2020	17.00		Ulvik kyrkje	AH
01.11.2020	19.30		Granvin kyrkje	AH
15.11.2020	11.00		Granvin kyrkje	24 sit
29.11.2020	18.00		Ulvik kyrkje	1sia
06.12.2020	18.00		Granvin kyrkje	2sia
13.12.2020	11.00		Ulvik kyrkje	3sia
24.12.2020	13.30		Ulvik kyrkje	Julaft.
24.12.2020	15.30		Granvin kyrkje	Julaftan
25.12.2020	12.00		Ulvik kyrkje	Juledaga
26.12.2020	11.00		Granvin kyrkje	Stef.
31.12.2020	16.00		Ulvik kyrkje	Nyaftan

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
13.09.2020	18:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
04.10.2020	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
25.10.2020	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Hauttakkefest
01.11.2020	18:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Minnegudsteneste
15.11.2020	16:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
29.11.2020	18:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Ljosmesse
13.12.2020	11:00	Sundag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
24.12.2020	16:00	Torsdag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
25.12.2020	11:00	Fredag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste
31.12.2020	18:00	Torsdag	Eidfjord kyrkje	Gudsteneste

DET KAN KOMA ENDRINGAR I DEN OPPSETTE GUDSTENESTELISTA OG KARANTENEREGLANE

Du kan bruka Vipps ved ofringa i kyrkjene og gaver.

Ulvik har Vippsnummer: 125390 | Eidfjord har Vippsnummer: 127865